



FORUM for KONTROLL og TILSYN.

Ein møteplass for kommunale og fylkeskommunale kontrollutval,
og deira sekretariat.

Kommunal- og Regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

Bergen 05.12.2008

HØYRING VEDR. "NY FORSKRIFT OM KOMMUNERS OG FYLKESKOMMUNERS FINANSFORVALTNING".

Det blir vist til at Kommunal- og regionaldepartementet ber om høringsuttale til "Ny forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning", jmf. skriv av 01.09.08, ref. 08/1534-4 MRV. KRD v/ Marte Røst Veflingstad har gjeve utvida høringsfrist som følgje av at styremøtet til FKT var nokre dagar ut i desember mnd. d.å.

Her følgjer høringsuttale frå Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT). Styret hadde høyringa oppe 04.12.2008, som sak 57/08.

Innleiingsvis vil FKT uttrykka at det er svært viktig, innafor eit fagleg vanskeleg område som dette, at forskrifta er utforma slik at "vanlege innbyggjarar" (folkevalde) skal kunna tolka innhaldet på rett måte. I forskrift, så vel som i kommunal og fylkeskommunal rapportering, bør det vera ei språkføring og beskriving av begrep som gjer at kommunestyret / fylkestinget har grunnlag for å forstå innhaldet.

FKT er tilfreds med formuleringane i dei nye paragrafane i ny forskrift, og finn dei meir presis enn tidlegare, med mindre rom for tolking – noko me ser som nødvendig.

Forslaget om at kommunane må ha eigen kompetanse på området, vert støtta.

I merknadene til §5 vert peika på at uavhengig kompetanse kan vera revisjonen. Det bør vurderast å endra dette til "at uavhengig kompetansen bør vera revisjonen". Det kan vera kompetanse internt i revisjonen eller kompetanse som revisjonen skaffar til veie. Det er viktig at denne kompetansen i realiteten er uavhengig, nøytral og habil.

I kommunar og fylkeskommunar er det ønskeleg med rapportering i eiga sak, uavhengig av anna økonomirapportering og ikkje integrert i andre saker. Denne bør vera kvalitativ, samstundes som den er folkeleg formulert. Rapportering utafor årsrekneskapen bør finna stad minst 2-3 gonger for året.

FKT er positiv til strenge vurderingar som hindrar særleg risiko i finansforvaltninga. Departementet bør dessutan vurdere å ha med presiseringar, som gjer at avkastning på finansielle plasseringar ikkje kan disponerast i drift, før året etter at resultatet er oppnådd.

Kontrollutvalet sin rolle bør nemnast. Det bør vera obligatorisk at utvalet får tilsendt finansrapporteringane, men at utvalet sjølv avgjer korleis dei vil gå inn i dette, anten som skriv / melding eller sak.

Med helsing

Terje Hermansen (s)
Leiar i FKT


Høgne Haktorsen
Kontrollsjef / sekretær for FKT